



Arkiv: K1-14
Arkivsak ID: 2018001011 - 1
Journalpost ID: 2018013536
Sakshandsamar.: Harald Grande jr
Dato: 31.08.2018

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr

Planprogram - Ny kommuneplan for Ullensvang kommune

Vedlegg:

Prosjektleiar si innstilling til vedtak: I samsvar til plan- og bygningslova § 11-1 og 11-13 vert planprogram for ny kommuneplan for Ullensvang kommune lagt ut til offentlig ettersyn.

Bakgrunn for saka:


I samband med samanslåinga av Odda og Jondal kommunar og Ullensvang Herad den 01.01.2020 har vi starta arbeidet med ein felles kommuneplan for nye Ullensvang kommune. Arbeidet vert leia av koordinert arbeidsgruppe for kommuneplan, som styrer ei prosjektstilling dedikert til kommuneplanen.

Ein kommuneplan er eit overordna politisk styringsverktøy for heile kommunen, som tar føre seg alle samfunnstilhøve og samfunnsoppgåver kommunen har. Planen er delt i tre delar; ein samfunnsdel, ein arealdel og ein handlingsplan. I første omgang skal det fokuserast på samfunnsdelen, som legg dei overordna strategiane og stadfester kommunen sine satsingsområder i eit 16 års perspektiv.

I den forbindelse er det utarbeida eit planprogram, som er eit førebuande dokument for arbeidet. Planprogrammet skal seie noko om føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad og behovet for utgreiingar. Dokumentet skal med andre ord skapa eit godt grunnlag for arbeidet som skal gjerast.

I første omgang skal samfunnsdelen utarbeidast. Den er ikkje juridisk bindande, men skal fastsetje overordna mål og strategiar for kommunen og slå fast retningslinjer for korleis ein skal nå måla.

Planprogrammet blir no teke opp til 1. gongs handsaming og skal sendast ut på høyring før det vert teke opp til ny handsaming og endeleg stadfesting av Fellesnemda.



Prosjektleiars vurdering:

Utarbeiding av planprogrammet

Arbeidet vart starta i juni og har i stor grad vore ei kartlegging av dei tre kommunane og arbeidet til dei mange tverrkommunale arbeidsgruppene, som er oppretta i samband med samanslåinga.

Under kartlegginga vart kommunen sine samfunnsområde delt opp i tema som synt i vedlegg 1. Ut frå kva ein fann vart det vald tre hovudsatsingsområder for kommuneplanarbeidet: Bustadsamansetning, Kultur og reiselivssatsing og næringstilrettelegging. Temaa som er valt blir som ein rød tråd gjennom kommuneplanarbeidet og vil leggja premisser for andre store tema som for eksempel samferdsel, oppvekst og helse. Ein har heller ikkje tatt opp vanlege tema som folkehelse, miljø og universell utforming, då temaa går innunder hovudtemaa som er valt.

Planprogrammet har blitt utarbeida på kort tid og i ein periode der mange er på ferie. Det har derfor vore utfordrande å få inn naudsynt bakgrunnsinformasjon.

Prosjektleiars meiner likevel at resultatet er godt og at hovudmåla som er satt speglar behova den nye kommunen vil få inn i neste kommuneplanperiode. Ein må likevel vere open for at utgangspunkta kan endrast. Å lage ein kommuneplan for tre kommunar, som skal bli ein, er utfordrande og uføresette tilhøve vil kome fram gjennom prosessen.

Hovudtankar og ønska resultat

Prosjektleiars sine hovudmål for kommuneplanarbeidet er å lage ein plan som er enkel å følgje og som gjev klare prioriteringar for den nye kommunen i årane som kjem. Planprosessen og endeleg resultat skal vere enkelt å forstå for alle og gi innsikt og tryggleik for korleis kommunen skal utvikle seg framover. Planen skal gjere tøffe prioriteringar og klart vise kor kommunen satsar og kva som blir nedprioritert.

Tankane som ligg til grunn for alle vurderingar til samfunnsdelen vil vere:

- Å skape vekst i kommunen både gjennom verdiskaping, tilflytting og livskvalitet.
- Å skape føreseielegheit for innbyggjarane og at dei enkelt kan forstå og forutsjå framtida til kommunen og bygda si.
- Å satsa der det gagnar flest mogleg, spesielt barn og unge.
- At måla og prioriteringane som gjerast skal vere bærekraftige, miljøbevisste og gjennomførbare.
- Å vurdere alle tiltak og mål opp mot folkehelse.

Vegen vidare

I høyringsperioden vil vi starte prosessen med å finne ein visjon og nytt kommunevåpen for nye Ullensvang kommune. Det vil bli gjennomført eit arbeid i skulen, som vert ført vidare til folkemøte i alle skulebygder. Her ynskjer vi at politikarane skal vere med på medverknadsarbeidet. Det kjem meir informasjon i løpet av oktober.

Det må og jobbast tett opp mot dei forskjellige arbeidsgruppene for å kartlegge behova samfunnet har og korleis vi skal leggje opp medverknadsarbeid mot kommunen sine ulike målgrupper.

Når høyringsperioden er over, vert planprogrammet teke opp til endeleg stadfesting der Fellesnemda blir oppdatert på arbeidet.

Det er eit mål at samfunnsdelen med tilhøyrande handlingsplan skal vere klar for endeleg godkjenning i første kommunestyre i nye Ullensvang kommune. Då vil den nye kommunen ha eit overordna styringsverktøy som gjev føreseielegheit og effektiv styring frå dag ein.

Konklusjon:

Planprogrammet legg eit godt grunnlag for arbeidet vidare med kommuneplanen for nye Ullensvang kommune. Prosjektleder tilrår at planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn slik det no ligg føre.